




VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING AS



Rapport etter åpenhetsloven

Vest-Telemark Kraftlag konsernet 2023

Innleiing



Åpenhetsloven blei sett i kraft 1. juli 2022. Loven skal fremje verksemder sin respekt for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, samt sikre allmennhetens tilgang på informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar knytt til dette.

Åpenhetsloven gjelder for større verksemder som overskrid to av følgjene tre vilkår:

- salsinntekter på 70 millionar
- balansesum på 35 millionar
- over 50 tilsette

Vest-Telemark Kraftlag konsernet oppfyller desse vilkåra og er difor omfatta av dei krav som stilles i åpenhetsloven. Konsernet skal kvart år gjere greie for aktsemdsvurderingar i samsvar med åpenhetsloven og publisere denne. I tillegg skal vi regelmessig, og ved vesentleg endringar, vurdere våre leverandørar opp mot brot på grunnleggjande menneskerett.

Denne rapporten gjer greie for aktsemdsvurderingane som VTK-konsernet har gjennomført.

Kontaktinformasjon:

Henvendelse om denne rapporten kan rettas til:

firmapost@vtk.no



Organisering og føremål

Vest-Telemark Kraftlag Holding AS er morselskapet i konsernet og er eigd av dei seks kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommune. Nissedal eig 5%, dei andre 19% kvar. Selskapet fylgjer opp konsernets strategiar og krav frå eigarane, samt forvaltar eigarskapen til dotterselskap og tilknytte selskap. I tillegg leverer selskapet administrative tenestar og ledelse til dotterselskap og andre tilknytte selskap.

Konsernet består i tillegg av dotterselskapa Vest-Telemark Kraftlag AS (100 %), Telemark Nett AS (100 %), Naurak Kraftverk AS (100 %), Birtedalen Kraftverk AS (80%), Telefiber AS (50 %) og dei deleigde selskapa Skafså Kraftverk ANS (67 %) og Sundsbarm Kraftverk DA (8,5 %).

Konsernet er organisert med hovudkontor i Høydalsmo, men har og ei avdeling i Treungen. Det var ved utgangen av året 55 tilsette (51,2 årsverk) pluss 7,5 årsverk i kraftverka, dvs. ca. 58,7 årsverk totalt.

Føremålet med VTK-konsernet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, - og drive med kraftsal og levere administrative og kunderetta tenestar.

Åpenhetsloven er implementert på konsernnivå.



Retningslinjer og rutiner

VTK-konsernet skal jobbe for å redusere risikoen for brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i vår leverandørkjede, blant andre forretningssamband og internt i konsernet.

Arbeidet med åpenhetsloven og aktsemdsvurderingar er sett i gang, og ulike avdelingar i konsernet er involvert i arbeidet. Det er utarbeida egne retningslinjer for korleis konsernet skal arbeide med menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve innanfor rammene av åpenhetsloven. Retningslinjene beskriv korleis konsernet gjennomfører si aktsemdsvurdering og vurdering av tiltak, samt rutinar for handtering av informasjonsplikta som fylje av åpenhetsloven.


Rapport etter åpenhetsloven skal årleg presenterast for styret og publiserast på konsernets nettsider.

Aktsemdsvurderinga

VTK-konsernet jobbar med aktsemdsvurderinga ut i frå dei seks stega som er definert i OECD sin vegleiar (figur 1). Arbeidet er bygd på ein risikobasert tilnærming og er tilpassa organisasjonens størrelse, art og risiko for negative konsekvensar.

1. Forankra omsyn:

Omsynet for aktsemdsvurderinga ligg under konsernets leiargruppe, med representantar frå dei ulike selskapa. Retningsliner for arbeid med åpenhetsloven er etablert. Forankre og vedta prosess i leiarmøter og selskapets styre.



Figur 1: De 6 stega i aktsemdsvurdering Kilde: OECDs vegleiar for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv

Aktsemdsvurderinga



2. Kartlegg og vurder negativ påverknad:

Vi praktiserar ein risikobasert tilnærming som er basert på forholdsmessighetsprinsippet i åpenhetsloven. Prosessane og rutineane i arbeidet med åpenhetsloven går mellom anna ut på å skaffe oversikt over leverandørar, forretningspartnerar og eigne aktørar, for så å sortere desse etter kategori. Dei blir så vurderte etter konsekvens og risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i 2023.

Arbeidet med å heve kompetansen rundt åpenhetsloven er i gang, og me vil ha større fokus på dette framover. Me har også jobba i grupper for å utvikle betre rutiner ved innkjøp og oppfølging av leverandørar.

VTK-konsernet har ikkje avdekket brot på menneskerettar eller anstendige arbeidstilhøve i 2023. Det er heller ikkje avdekket vesentleg risiko for negative konsekvensar.

3. Stopp, førebygg eller reduser

VTK-konsernet jobbar heile tida med risikovurdering av konsernets aktivitetar. Basert på dei undersøkingane me har gjort har me ikkje grunnlag for å sei at det føreligg eller er mistanke om brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, me har difor fyljande generelle tiltak for komande år:

Tiltak	Status
Heve kompetansen om åpenhetsloven internt	Påbegynt
Vidareutvikle aktsemdsvurderinga på bakgrunn av erfaring og ny kunnskap	Påbegynt
Vidareutvikle retningsliner for arbeid med åpenhetsloven	Påbegynt
Heve kompetansen hos dei som driv med innkjøp og bedre innkjøpsrutiner	Påbegynt

Aktsemdsvurderinga



4. Overvak, gjennomfør og resultat

For vidare oppfølging vil leiargruppa i VTK-konsernet fylje opp at planlagde tiltak blir gjennomført.

For vidare overvaking er planen:

Kontakt med innkjøpspartnerar og vurdere behov for tiltaka: 1. Leverandørrisiko blir ein eigen risiko i det øvrige risikoarbeidet til verksemda. Stille krav til leverandørane som del av tilbudsforespurnader og kontraktsinngåingar. Dette inneber også at tilsette i konsernet må ha eit auka fokus til å følgje opp og overvåke korleis vi sjølve og leverandørane varetek desse krava.

2. Utvikle innkjøpssystemet til selskapa for kategorisering av leverandørar for å lettare identifisere og kartlegge risiko. Det skal og leggjast til rette for at brot eller mistanke om brot enkelt skal kunne varslast.

Dersom negative konsekvensar vert avdekt blant VTK konsernets tilknytingar, skal konkrete tiltak identifiserast og iverksetjast for å redusere desse.

5. Kommuniser korleis påverknaden er handtert

Handtering av eventuelle negative konsekvensar skal kommuniserast til interessentar som er ramma.

Rapporten er tilgjengeleg på konsernet sine nettsider.

6. Sørg for eller samarbeid om oppattretting.

Siste punkt i aktsemdsvurderinga er ikkje relevant i årets utgreiing, då me ikkje har avdekka vesentlege funn som krevjar ytterlegare handling.